


Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

Nr. 2 - APRIL 2009 41. årgang



*Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen
til evig tid;
Den har oss givet
lyset og livet,
lyset og livet
i dagning blid.
Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen
til evig tid*



Tankar i Undheim
kapell

SIDE 3




"Ta tilbake høgtida"

SIDE 6



Konfirmant - tre

generasjoner SIDE 8



Konfirmasjon

SIDE 9 - 11 OG 14

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00-14:00

heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

telefaks 51 77 03 60

Kyrkjekontoret, Parkvegen 2

Fungerande prost Stein Ødegård tlf. 91 15 71 05

Prostiprest Gunnar Frøyland tlf. 95 87 38 47

Kateket: Ingrid Time Nærland tlf. 51 48 40 69

Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 91 16 30 39

Sekretær Bryne sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 43 78 16

Sekretær Time sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 43 78 16

Sekretær Undheim sokneråd:

Herdis Lindal tlf. 48 02 73 04

Sekretær- Kari W. Ødegaard tlf. 51 77 03 77

Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76

Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland tlf. 90 19 38 25

Konsulent Tor Aase tlf. 51 48 34 82

Time kyrkje og kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne kyrkje tlf. 51 48 28 08

Prosjektleiar trusopplæring:

Jorunn M. Ueland tlf. 51 48 85 10

Time tlf. 51 48 32 84

Organist: Oddny Underhaug tlf. 51 48 25 31

Kyrkjetenar: Marit Undheim tlf. 51 48 43 09

Soknerådsleiar: Amund Undheim tlf. 51 48 43 09

Bryne tlf. 51 48 28 08

Kyrkjelydsprest: Leif Oscar Reiestad tlf. 41 27 28 62

Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth tlf. 99 61 91 21

Organist, Per Olav Egeland tlf. 51 48 66 68

Klokkar Leif Andenes

Soknerådsleiar: Inger Kristine Løge tlf. 51 48 59 56

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Pettesen tlf. 51 77 03 68

Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Ungdomsprest: Ole Tørring tlf. 95 17 89 71

Leiar forsamlingsstyret:

Liv Heidrun Skaar Heskestad tlf. 51 48 86 70

Undheim tlf. 51 48 68 20

Prest: Per Børge Hillestad tlf. 93 44 29 19

Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 91 81 0146

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 5148 45 55

Soknerådsleiar: Steinar Sandvik tlf. 5148 42 22

Ungdomsarbeidar: Anders Undheim tlf. 901 85 969

Besøk vår nettside:

www.time-kyrkja.no

e-post:

helgedagen@time-kyrkja.no

Framsida: Lysnisje i Undheim kapell laga av Per Odd Aarrestad

Til ettertanke



Det eg ikkje kan gå glipp av!

Lista over det me ikkje vil gå glipp av i påska – korleis ser den ut?

Hytteliv og skiturar over kvite fjellvidder? Påskekonserter og vårvarme kafébord i byen? Hjernetrim med påskenetter og påskekrim? Påskeegg kokt på bål langs Jærstranda? Tid med familie og venner, så går resten av seg sjølv? Kyrkjebesøk med stille undring og jubeltonar?

Påskeveka er året si mest intense veke i den kristne kyrkja. Ho er breiddfull av dei store kontrastane, kjenslene og hendingane i livet. Sterkt vennskap og rått svik. Tiljubla liv og grusom død. Ufatteleg lidning og himmelsk glede. Svart sorg og tynt, veksande håp. Ingenting av det som skjer med Jesus, er på utsida av det som bankar i brystet og set oss på prøve i livet. Og viktigast: **DET SOM SKJER MED JESUS, SKJER FOR MEG.** Og gjeld meg!

Det kan eg ikkje gå glipp av! For det som ikkje kan skje, har skjedd! Døden har tapt! Det kan jo ikkje skje, for graver er slutten, døden er endeleg: Ingen veg tilbake.

Likevel har det skjedd, det som ikkje kan skje. Jesu grav var tom. Godt bevitna. Døden fekk sitt banesår.

Dette er sentrum i kristentrua. Fundamentet i det å vera kristen. Jesus sto opp frå dei døde. Døden på korset var ikkje ein rein tragedie. Han var Gud som i Kristus forsonte verda med seg sjølv. Gud elsker oss høgare enn noko menneske kan gjera og ordnar opp i det som bare han kunne gjera noko med.

Jesu oppstode er kjernepunktet. Difor kan eg be til ein levande Gud i opne linjer og kanalar. Det er grunnen til at eg kan tru og oppleva at Gud er nær meg. Det er difor eg kan seia at livet har meining. Eg kan leggja fortida frå meg i ei tilgjeving Jesus har vunne for meg. Eg er ein del av det store håpet for verda: At Gud skal gjera alle ting nye!

Det går an å kalla ei sånn tru for toskskap: "For slikt skjer jo ikkje!" Det går an å kalla ho ønskedraumar: "For god til å vera sann!" Det går an å rista på hovudet: "Tenk å bruka så mykje tid på noko som ikkje kan skje."

Men nå har det skjedd! Grava var tom. Englar vitna. Jesus viste seg. Trua breidde seg brennkvi. Etterkvart vart ho mi, og så mange si at påsketonane rullar som aldri før over jordkloden. Heile dramaet skal utspela seg i kyrkjene denne påska. Det kan eg ikkje gå glipp av! Alle gode ting på påskevekelista vert ikkje ringare av å få med seg det beste!

Stein Ødegård

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd

Redaksjon: Else Marie Bue, Liv Helene Håland, Oddny Underhaug, Gunnar Frøyland og Gabriel Tengsareid.

Layout og trykk: Jærprint

Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til gabriel.tengsareid@lyse.net

og må vera oss i hende fredag 8. mai

Neste nr. kjem ut ca. 1. juni.

Tankar

i Undheim kapell

Med tanke på underverka av glaskunst som møter oss i gamle gotiske katedralar i Europa, kan kunsten i Undheim kapell verka smålåten. Katedralen skulle formidla Bibelen til folk som ikkje sjølv kunne lesa. Menneske skulle få møte "ei anna verd", "ein himmel på jord" når dei tok steget frå sin grå, fattige kvardag og inn i kyrkja. Lyset utanfrå vart sila inn gjennom bibelsoga i kunsten og helga dermed romet.

Men "smålåtent" om det som møter oss i Undheim kapell, må stemplast som totalt usant. Me har høyrte, lært og lese. Derfor talar niscjene i kapellet så sterkt. Ved inngangen til kyrkjeromet merkar me først bare vagt fargespelet på niscjeveggene, lyset som bryt inn, eller smyg seg inn. Så ser me symbola eitt etter eitt, enkle og talande, ettersom me flytter oss inn i romet. Me ser og kjenner att. Barn som vaksne kan knyta det visuelle til kunnskap og tru. Det er ei sterk og stor oppleving. Sinnet vert stemt til ro og ettertanke. Det er nok bare å vera tilstades med heile seg. Lengtar me i blant til fred, slik Arne Garborg gjorde det "tidt på trøytt veg", er svaret for meg: Undheim kapell. Der finn eg "det stille romet".

Små opningar i ein betongvegg, forklarar kunstnaren Per Odd Aarrestad, heiter "smyg" eller "lysnisjer" i fagspråket. Teknikken han har brukt, kallast la dalle-teknikk og vart til i Frankrike i 1930 åra. Kort går det ut på at farga glasbitar, to centimeter tjukke, vert felt inn i eit rammeverk av armert betong. Aarrestad fortel at han skaffar seg farga glas frå Frankrike. Det er ikkje alltid like enkelt å få tak i. I Norge vart teknikken først brukt i Tune kirke, Østfold i 1959, og eit hovedverk er Victor Sparre sine vindu i Tromsdalen kirke, Ishavska-tedralen.

emb



Påskesymbol i kapellet

Time kyrkje

Felles for Bryne og Time
Langfredag

kl. 11:00

Lukaspassjonen –
Frelsarens veg til krossen.
Krossvegsandakt utarbeida av Martin Lønnebo.
Omsett av
Ingjerd og Åsvald Solheim.

Laurdag 11.april kl.23:00

Påskentatt.

Fellesgudsteneste.
Nattverd. Ungdomar deltek

Alphakurs

28. april kl 19:30

i Bryne kyrkje

Det var for få påmelde til Alpha i Bryne kyrkje i 2008, og dermed blei det ikkje kurs. Men det gjekk ikkje lange stunda før fleire, men fortsatt for få, sa at dei sakna Alphakurset. 10. mars hadde vi difor første kvelden med eit alternativ, men i kjend Alphastil: Måltid, undervisning og samling i smågrupper over kveldens tema, som då var "Kven er Jesus"? Det var godt oppmøte, og praten gjekk lett i gruppene. Arbeidstitelen "Bygg & Tro" hadde vi lånt frå andre som forsyner gode bygningarbeidarar, for det er det handlar om: Å bygge – å bygge ei sterk tru. Neste samling er 28. april kl 19:30 i Bryne kyrkje, og då skal vi bli enda fleire! Då er det Arne Berge som underviser over temaet "**Bibelen – Ei viktig skatteboks for deg.**" Det er ingen påmelding, så ta med familie, venner og kollegaer som er nysgjerrige på kristen tru.

Alphakomiteen

Avskjed med biskop og velkomst for prost

I mai månad vert det to store samlingar og milepælar i Jæren prosti. Biskop Ernst Baasland avsluttar nå studiepermisjon og tek fatt på dei to-tre siste månadane av si tid som biskop i Stavanger. I alle prostia vert det ei offisiell avskjedsmarkering. Hos oss vert den i **Frøyland og Orstad kyrkje søndag 10.mai kl.19:00.**

Markeringa startar med gudsteneste og held fram med kyrkjekaffi og høve til avtalte helsingar. Den nye kyrkja – som biskopen har ivra for – skal verta ei god ramme for takk og avskjed!

To veker seinare kjem biskop Baasland tilbake til prostiet og føretek innsetjing av den nye prosten i Jæren. Kjell Børge Tjemsland startar som prost 15.mai og vert innsett i tenesta på **gudsteneste i Time kyrkje søndag 24.mai kl.19:00.** Også då vert det samling etterpå, og høve til helsingar.

Kyrkjestabane og sokneråda i Jæren er inviterte til begge desse kveldane. I tillegg håpar me at folk flest har lyst til å seia takk og velkommen, og byggja felleskap i prostiet.

Stein Ødegård
- fung. prost -



I 2009 vert Time kyrkje 150 år

Program for jubiléumsåret

Vil du vera med i felleskor til jubiléums-gudstenesta i Time kyrkje 15.november?

Kontaktpersonar: Dorteia Haugland og Oddny Underhaug

Første øving i felleskoret er laurdag 4.april kl.10:00-11:30 i Time kyrkje.

Sundag 14 juni kl.11:00

Friluftsgudsteneste på Tingvollen, Lye.

Kulturhistorie, vandring, Jærklang og Vibå spelemannslag.

Sundag 23.august kl.11:00

Friluftsgudsteneste ved Fotlandsfossen.

IMF brass Bryne . Fotlandstemne

Sundag 20.september

Hausttakkefest i Hognestadhallen.

Leik og aktivitetar. Fotland barnehage og Fotland sundagsskule.

Sundag 15.november kl.11:00

Jubiléums-gudsteneste.

Dette vert ei stor slått gudsteneste. Me samlar songarar frå fleire kor som har vore knytte til kyrkja, saman med tidlegare dirigentar og leiarar. Det vert felleskor, blåsegruppe og solistar. Biskopen kjem. Eigen jubiléumssalme.

Sundag 13.desember kl.11:00

"Fest i Guds hus"

Ei spesiell adventsgudsteneste med Jærklang, barnekor, dansarar, dramainnslag og muskarar

Saman feirar me kyrkja vår!



Liv Ragnhild Lassen er fra Stavanger. De siste ti åra har hun bodd på Bryne.

Da jeg som lita jente ble sendt på påskeleir til Vaulali, husker jeg at vi hver morgen ved andakten etter frokost fikk i oppgave å lære ett vers av denne salmen .

Første påskedag sang vi alle versene uten salmebok og sangen ljommet i salen. Vi var krye over å kunne den utenat. Jeg syntes allerede da at denne

salmen inneholdt så mye glede og håp.

Hver påske kommer minnene tilbake. Salmen sitter ennå, alle versene. Det er nå 36 år siden!

Liv Ragnhild Lassen



... og atter som eit under . . .

Ein Salme

Deg være ære
Deg være ære, Herre
over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.

Lyset fyller haven, se, en engel kom,
åpnet den stengte graven,
Jesu grav er tom!

Refr.:

Deg være ære, Herre
over dødens makt,
evig skal døden være
Kristus underlagt.

Se, Herren lever! Salig morgenstund!
Mørkets makter bever.
Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger: Frelseren er her!

Pris ham alle tunger;
Kristus Herre er !

Frykt ikke mere! Evig er han med.
Troens øye ser det: Han
gir liv og fred.

Kristi navn er ære. Seier er hans vei.
Evig skal han regjere,
aldri frykter jeg.

Tekst: Edmond Budry / Arne Fjelberg
Melodi: G. Fr. Händel



Ruth og Hans Bj. Bærheim

Påskebodskapen, Jesu som leid og døydde i vår stad og stod opp att, er den mest sentrale delen i kristendommen. I Noreg er det jul som er den store kyrkjehøgtida då "alle" går i kyrkja. Tidlegare var påske viktig her hos oss og, men i dei seinare åra har påske etter kvart vorte påskeferie, der fjell og sjø er det viktige. I den katolske kyrkja, og i sørlegare deler av Europa, er påske framleis den store kyrkjehøgtida med mange gudstenester og aktivitetar. Helgedagen møtte **Ruth og Hans Bj. Bærheim** på Bryne for å få vita meir

om korleis dei feirar denne høgtida i den katolske kyrkja i Stavanger. Begge konverterte i ung alder til katolisismen, og som pensjonistar er dei nå blant dei som har vore lenge med i kyrkjelyden sin. Dei er begge sterkt engasjerte, og dei deler gjerne og ivrig med seg om si gudstestefeiring. Ruth seier med tyngde: "Ta tilbake høgtida."

Oskeonsdag er starten på fastetida. På messa denne kvelden er det stappfullt. Etter prosesjonen palmesøndag året før, vart greinene velsigna og tekne med heim. Oskeonsdag året etter blir nokre brende til oske. Under messa stenkar presten denne oska med vievatn, og dei som kjem fram, får teikna ein oskekross

"Ta tilbake høgtida!"

på panna si med desse orda: "Vend om og tro på Evangeliet," eller "Kom i hu, menneske, at du er støv og skal vende tilbake til støv".

Oskeonsdag er også ein av to dagar med faste – med berre eitt hovudmåltid, med fisk.


Palmesøndag har prosesjon med "palmer" før høgmesse. Her brukar dei til dømes sypress eller buksbom, og polakkane kan ha pynta greiner med "gåsungar". Også i Noreg blei "gåsungar" brukte som "palmer" i katolsk tid. Før sjølve prosesjonen er det bøn, og greinene blir stenka med vievatn og velsigna. Vievatnet symboliserer dåpen. Evangelieteksten om Jesu inntog i Jerusalem blir lesen, og det kan også vera ei kort preike før prosesjonen set i gang.

Skjærtorsdag er det kveldsmesse der alle prestane deltek. I fastetida vert ikkje Gloria sunge under messene, men på skjærtorsdag blir den sungen med fullt orgelbrus og ringing med klokkene. Så teier orgel og klokker til Gloria i Påsk-evigilien. Etter preika er det fotvask ved presten framme i koret. Etter sjølve gudstenesta vert alterbrødet bore ut i eit sidekapell, altera blir dekkja av og alle statuer og bilete tildekkja med fiolett klede.

Langfredagsgudstenesta er med nake alter og raudt som liturgisk farge. Gudstenesta startar ute, om vêret er lagleg: Prestar og medhjelparar legg seg fullt utstrekke med andletet ned og kyrkjelyden står bak. Gudstenesta er ganske lang, med lesing frå Det gamle Testamentet – og heile lidings saga, alltid frå Johannes-evangeliet. Kross-



Palmevigslinga



Påskelyset er tent ved elden utanfor kyrkja

hylling (avdekking, song, tilbeding etc.), klagesongar og kommunion (nattverd) er og ein del av denne stille og "strenge" gudstenesta. Påskeaftan blir brukt til storvask, sølv-puss og anna reingjering i kyrkja til **påskevigilien**. Påskena, ei vakenatt for Herren, startar i 23-tida, og varer gjerne eit par timar. Kyrkja er mørk. Feiringa startar ute rundt eit bål. Elden,

Kyrkjelyden tenner sine lys frå Påskelyset

som symboliserer Kristi oppstode, blir velsigna. Det store påskelyset blir tent frå denne. Kyrkjelyden tenner sine lys frå dette, og feiringa held fram inne med Påskelovsungen og mange lesingar frå Det gamle og nye Testamentet. Gloria med full ringing og orgelbrus og påske-halleluja høyrer med. Dåpsliturgien, med velsigning av døypefont og vatn, er og ein del av vigilien, saman

med nattverd.

Påskedag er det vanleg høgtidsmesse. Ein lutheranar har fått mykje å tenkja på. Dei mange symbolske handlingane aktiviserer kyrkjelyden på ein annan måte enn hos oss. Eg får med meg eit påskelys frå Ruth då eg går.

Alle foto er utlånt av Hans Bj. Bærheim

Sørgetid

Før Helgedagen gjekk i trykken, la sorga si klamme hand seg over heimar, bygd og by. Umistelege ungdommar var brått rivne vekk på vegen. Vi sender med dette ei varm helsing til familie, venner og alle gode medmenneske som har brydd seg, stilt opp og skapt fellesskap. Det betyr så mykje at vi deler sorga med kvarandre!

Eit lite dikt av Hans Børli kom som ei helsing rett før dette skjedde:

*Menneskehjertet –
Blødende, hengt opp
i kroken på et spørsmålstegn.*

I tida framover går det an å lesa gjenkjenning og gode råd av Per Arne Dahl og Espen Olafsen si bok: "Hva skal vi med stjerner nå?" Olafsen mista kone og dotter i tsunamien 2.juledag 2004 og skriv om aktive "håpsgrep" i si sorgbearbeiding. Kan henda kan dei vera litt til hjelp når sorga si flodbølge herjar med oss:

1. Gje deg sjølv tid – og signaliser til andre at du treng tid
2. Gjer verda handterleg – og skrøyt av deg sjølv for små framskritt i å handtera kvardagen
3. Tekst skrekkfilmen – og set ord på det som har skjedd og korleis du opplever det.
4. Skap møteplassar i sorga – for sorgarbeid er for krevjande til å klara åleine
5. Gje rom for gleda – for gleda gjev kraft, og den me har mista, ville minst av alt ønskja oss ei trist framtid.

- Stein Ødegård -

Konfir- mant tre gene- rasjonar



Farfar Steinar, Amalie og far Jarle Undheim

Amalie Undheim er konfirmant i år. Det skal feirast med familie- og vennefest 10.mai.

Helgedagen møtte henne

i kapellet saman med far, Jarle,

og farfar, Steinar Undheim. Dei deler med oss minne om si eiga konfirmasjonstid.

Farfar Steinar møtte med eit gruppebilette i handa. Det var konfirmantane samla ved inngangen til Time kyrkje i 1959. Til hausten skal han møte mange av desse att i kyrkja, fortel han: "Eg er 50-årsjubilant". Dette vert markert i Time. Innhaldet i konfirmasjonen er ikkje endra, men førebuinga er annleis i dag, meiner Steinar. Sjølv minnest han at det var mykje lesing og pugging av både salmevers og katekisme i den perioden dei gjekk for presten. På ei overhøyringsgudsteneste måtte dei gjere greie for det dei hadde lært.

Jarle har andre minne frå konfirmasjonstida. Året er 1983. Han fortel at konfirmanttimaane sto på klassen sin timeplan, altså undervisning i skuletida. Den einaste skilnaden frå vanleg

skule var at presten var lærar. I tillegg samlast dei unge gruppevis i private heimar på kveldstid. Her var det fine opplegg med plass for både spørsmål og samtale. "I tillegg vanka det pizza," smiler Jarle. På konfirmasjons-søndagen var alle like i kvite kappar, og konfirmasjonsdagen var om våren.

Amalie og dei andre konfirmantane frå Undheim, Hognestad, Lye og Vestly har hatt undervisning annankvar veke frå september. Dei har veksla mellom å vera i Time kyrkje, på Lye forsamlingshus og i Undheim kapell. Undervisningsmaterieill har dei fått på ark om dagens tema. Desse samlar dei i permen sin, og alle har fått konfirmantbibel, ein bibel med plass til eigne notat. Denne brukar dei i samlingane. Av tema kan nemnast: Bibelen, gudsteneste, nattverd, dåp, ekteskap og samliv, bøn, dei ti boda, døden og om Jesus.

Amalie fortel at alle klassekameratane hennar skal konfirmerast. Det har vore gildt å gå til undervisning med kateket Ingfrid Time Nærland og dei andre leiarane. Så nemner ho besøk av Roadservice som ei ekstra oppleving. Då var alle konfirmantane i Time samla på Undheim. Dei fekk først undervisning i to grupper av dei tilreisande ungdomane. Etterpå var alle samla til karaoke og

ein times konsert i kapellet. Roadservice er tilknyttta Agder og Telemark bispedømmeråd, Skjærgårdsgospel, Kirkens Nødhjelp m.fl. og er "på vegen" heile året med tilbod til kyrkjelydane om inspirerande konfirmantopplegg. (sjå www.roadservice.no)

Det stemmer vel som farfar kommenterte undervegs: "Konfirmantundervisninga var ikkje så "fancy" i mi tid.

Nå gler alle seg til ny konfirmasjons-søndag i familien. Farfar minnest sin eigen store dag i Undheim kapell og siterer: "Alle dei som Faderen gjev meg, kjem til meg; og den som kjem til meg skal eg så visst ikkje visa bort". "Dette var bibelordet presten las for meg då eg vart konfirmert. Det står i Joh. 6.37, og eg har teke vare på det."

50-årsjubilanten hugsa ordet som lydde då presten bad for han konfirmasjonsdagen 20.september 1959! Dette gjorde inntrykk! Eg summa meg ikkje til å spørja, men trur denne farfaren gjerne vil helsa alle konfirmantane i år: Ikkje gløym det ordet som vert ditt på konfirmasjonsdagen!

Så skal Amalie vidare til konfirmantsamling denne kvelden.

Kateket Ingfrid Time Nærland fortel dette om programmet for denne timen:




“Det skal det handla om Jesu siste timar, og kva han har gjort for oss. Dette vert formidla på to måtar, ved å sjå på film og ved å vera med på trusvandring.


Trusvandring er enkelt: å vandra i tru. Ei trusvandring kan gjennomførast ute i det fri eller innandørs. Ein kan gå åleine, eller fleire i lag, ein kan bruka alle sansane, eller ein kan gå med bind for augene. I dag skal deltakarane få “leva med” i det som skjedde frå Jesus vart teken til fange i Getsemane og til han sto opp frå grava. Det er blindgang, der konfirmantane går to og to saman, den eine med bind for augo. Han vert leidd av ein sjåande som er stum. Det er ganske dramatisk å vera med på og med mange lydeffektar. Den “blinde” må bera ein stol på ryggen (korset), kjenna ein spiker i handflatene og rett etterpå høyra hammarslag og høge smerteskrisk. Det blir spelt passende musikk under korsfestinga. Vandringa sluttar med salmen “Deg være ære” og bibelteksten om den tome grava.”

Kateketen takkar alle gode medhjelparar i konfirmantundervisninga.

emb



Nye, unge prestar? Nei, konfirmantundervisning om gudsteneste.



Vent litt, eg kan finna fram i Bibelen!

K O N F I R M A S J O N

Time kyrkje

26.april 2009

kl 10.30

Simon Barane
Olinda Berge
Marta Fotland
Eline Garpestad
Håvard Garpestad
Even Grødem
Gert Haugland
Margrethe Heggheim
Åshild Hjørnevik
Asgeir Haaland
Renate Rosseland Johansen
Synne Prestegård Lende
Linn Evertsen Lode
Lasse Ludvigsen
Amalie Oftedal
Bjørn Tore Pedersen
Camilla Tjelta Skrudland
Eila Njærheim Stivimoen
Hallvard Sæbø
Ingvild Sør-Reime
Kristian Thoresen
Jane Topdal
Atle Vinningland
Kjellaug Wold
Håkon Aareskjold
Jan-Ruben Ege Aarsland

kl 12.30

Stian Berge Birkeland
Lars-Egil Berge Brunnes
Helen Bryhn
Chris André Budeng
Espen Ekrem
Joakim Tjensvoll Fosse
Line Garborg
Anders Grødem
Håvard Gåsland
Katrine Hagen
Helen Bøgelund Hansen
Andrea Marie Holen Iversen
Jakob Jørgensen
Fredrik Thu Liland
Ronny Jensen Pollestad
Glenn Patrick Risa
Hauzhin Samiei
Stian Sikveland
Joakim Slethei
Arne Steinnes
Kristin Stokke Stokkeland



Vi tenner lys for konfirmanttida

Kim Patrick Slaaen Storhagen
Margrethe Thu
Thomas Dale Tveito
Tommy Utsola
Line Tengesdal Varhaug
Anette Veggeberg

Bryne kyrkje

3.mai 2009

kl 10.30

Marianne Sol Aldeholm
Kristin Bryne
Magnus Dirdal
Hanne Egeland
Mats Ellingsen
Øyvind Erga
Maren Christensen Gudmestad
Halvard Magnus Harboe
Thomas Haugland
Vetle Haugland
Ole Thomas Herrem
Anders Hognestad
Siri Margrethe Li
Einar Andre Birkeli Mauget
Ingvald Mjøsnes
Lisa Olsen
Tonje Olsen
Kyrre Torarin Norland Otto
Endre Hauge Paulsen
Ola Selliken
Henrik Solheim
Thea Helene Solstrand
Ole Andre Strømø
Andreas Søyland
Ann-Kristin Undheim
Marius Time Vaaland
Atle Tegle Åmodt
Henrik Aarbakke

kl 12.30

Ida Risanger Alstadsæter
Hanne Holmen Brattetveit
Tone Bryne
Vilde Dybing
Tonje Garvik Foss
Simen Berge Halvorsrød
Marius Thorstad Hansen
Mari-Ann Sekkenes Hamre
Mischa Simeon Schaub
Kellerhals
Ola Dimitri Schaub Kellerhals
Seraphin Johannes Schaub Kellerhals
Eli Larsen
Jon Eirik Mcinally
Lill Therese Mossige
Kristoffer Bjelland Olsen
Silje Skage
Bård Siqveland
Vebjørn Espeland Solheim
Randi Merete Taksdal
Malin Michelle Tollefsen
Hallvar Undheim
Ole Adrian Vaaland
Fredrik Wilhelmsen

Undheim kapell

10. mai 2009

kl 11.00


Ingeborg Bråtveit
Jon Harald Ødegård
Egeland
Stine Dagestad Gya
Sven Hadland
Tonje Marie Hadland
Vegard Håland
Silje Rugland Bertelsen
Ester Danielsen Lunde
Ann Kristin Myhre
Shirog Raad
Gaute Sikveland
Morten Svensen
Ådne Søyland
Marita Taksdal
Kristin Tjåland
Ane Lauvsnes Tunheim
Anna Tunheim
Amalie Undheim
Cato Alvestad Undheim
Kristian Undheim
Marius Undheim
Vilde Aarrestad
Olav Aarrestad Åsland



Samarbeid er tingen. Kan dette gå godt?



Vert ferdig! Min tur til å skriva i bøneboka



Kva gjer vi ikkje for ei god sak



Bli kjent. Moped med to førarar



Eg er klar eg



Godt at mor ikkje ser oss nå

Temareiser i kristen regi

Bli med på våre temareiser med reiseledere fra Norge.

Italia, USA, Tyrkia, Spania, Kina, Israel

Direktefly fra Stavanger til Israel 20/6, 1/10 og 12/10 2009.

Detaljert program og reiselederinformasjon finner du på vår nettside www.fokusreiser.no eller ta kontakt så sender vi deg turbrosjyren.

2010 Oberammergau Mange grupper til pasjonspillet, mai - september



Postboks 723, 46 66 Kristiansand
Tlf: (47) 38 12 56 60, Fax: (47) 38 12 56 61
post@fokusreiser.no www.fokusreiser.no

BRYNE STEIN & HAGESERVICE
BELEGNINGSSTEIN | NATURSTEINMUR | SKIFER | GRAVING | PLANTING | BESKJÆRING
Håland, 4340 Bryne - Tlf. 4000 7889

Bryne Elektriske
Hognestadveien 88, 4340 Bryne - Tlf. 51 77 92 00

WACO

Forsikringsmegling as

**Arkitekt as
Reier Carlsen**

Hulda Garborgsv. 2, 4340 Bryne
51 32 02 62 - 959 30 788



**BYGGMESTER
HERSDAL AS**



Fokus Bank

Johansen Elektriske as
Postboks 510 - 4349 Bryne
Tlf: 51 48 01 01

Koinonia
KOINONIA BOK OG MUSIKK



Lauritz Aarsland
Tannlege
Tlf. 51 48 28 93



Ny gjenbruksbutikk på Nærbø

27. mars 2009 opna NMS Gjenbruk ny butikk i Paul Aadnesen sitt lokale på Nærbø! Det finst 7 gjenbruksbutikker i Regionen frå før, 31 på landsbasis, og fleire vil starte opp på nyåret. NMS Gjenbruk Nærbø
[http://www.nms.no/CMS/web.nsf/\(\\$All\)/6039258C7DBB97A8C125754C004FF824](http://www.nms.no/CMS/web.nsf/($All)/6039258C7DBB97A8C125754C004FF824)

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS

**ek Glassmesterforretning
Einar Knutsen as**
Postboks 149, 4349 Bryne
TLF. 51 48 02 11.
DØGNSERVICE 971 78 180

SpareBank
SR-BANK



EiendomsMegler
JÆRMEGLEREN



TIME SPAREBANK
- for Jæren

Bryne Bil & MC Skole

Parkv. 2 , 4340 Bryne, Telefon: 51 48 25 10
Gi gavekort til konfirmanten



M44

Besteforeldres drøm –
Når vi skal skjemme bort
prinsler & prinsesser



Torggt. 2, 4340 Bryne
Tlf: 51 77 76 00
Telefaks: 51 48 51 03



Bryne
Begravellesbyrå

Tlf.: 51 77 80 80

Vi ønsker å bidra
til en verdig gravferd
www.brynebyrå.no
Reeveien 34, 4340 Bryne
Døgnvakt



COOP
Høyland
og Jæren



Coop Prix
Lye
51 48 81 74

EL-TEAM
Elektroentreprenør



- ett skritt foran



www.pizzabakeren.no

BØRGE UNDHEIM AS
KYLINGOPPDRETT



Alt i bøker, musikk, rekvisita,
kort og hobby i Storgata




Optiker Rolf Aarsheim
Meierigata 9, 4340 Bryne
Tlf. 51 48 19 54



FRETEX

Vi gir folk grunn til
å tro på framtiden



JÆRPRINT AS - VARDHEIVEIEN 60, 4340 BRYNE - TLF. 952 99 844 - FAX 51 77 99 38 - trykkeri@jprint.no

**Din lokale
samarbeidspartner
på trykksaker
og reklamemateriell**

JÆRPRINT
TRYKKERI & DESIGN

Når du har behov for trykksaker, ta kontakt for en uforpliktende samtale
om dine ønsker og behov slik at vi kan gi deg et prisoverslag du blir fornøyd med!

KONFIRMASJON

FRØYLAND OG ORSTAD KYRKJE

3.MAI

Kl. 10.30

Alexander Lorieri
Anders Heskja
Anders Svihus
Anna Kvia Varhaug
Aslak Bryne Håland
Bente Ueland
Brian Taksdal Engen
Bård Sigurd Møller
Camilla Guzman Birkeland
Caroline Haarr
Christine Thorsen
Christoffer Johansen
Daniel Nessa Sæther
Else Marie Håland
Fredrik Hatletvedt
Hanne Vølstad
Hege Maldal
Helene Asbjørnsen
Helene Salte Håland
Hilde Roaldsnes
Håkon Grødeland
Ingeborg Horpestad
Ingeborg Åtland
Ingrid Grimstad Gjølvik
Johannes Husa
Kristine Klever
Rein Storhaug Auestad
Sindre Fjeldheim
Åsne Salte Håland

Kl. 12.30

Birgitte Oftedal
Even Hatteland Engelsvoll
Håkon Sverre Heggen
Jakob Stangeland
Joakim Tveit
Johannes Vagle
Johnny Sandsmark
June Vådeland
Kent-Ove Anda
Kjetil Holen
Lars Folkvord Esaiassen
Lars Kirkeby
Leif Magne Høgstø
Linda Maudal
Mari Kalheim
Marie Skadsem Holthe
Marius Hundsnes Nordmark
Pål Primstad
Rebecca Ertesvåg
Runar Braut Kyllingstad
Sandra Haugland Seren
Silje Helen Vedøy
Sølve Berg
Thomas Edvard Hagman
Thomas Kleppe
Tor Sørensen
Vegard Rannestad Skjerve
Veronica Ree
Ådne Njå
Åshild Meinich-Bache



Vegen tilbake til Gud

"For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv." Joh. 3,16

Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,
kto.nr. 3325.25.07057.

"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time
kto.nr. 3325.21.30859.

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste
ungdomsarbeidar, Undheim
kto.nr. 3325.21.55657.

Undheim kapell - gåver
kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,
kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad
kto.nr.3325.25.09270

Ungdomsarbeidar på Lye
kto.nr. 3325.25.04260

Stikk innom vår heimeside
<http://www.time-kyrkja.no>

Nærradioen med godt nytt

JÆREN MISJONS RADIO

Tryggheimsveien 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22

Sender på
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9

Sendetider
Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
Tirsdag: 08.30 - 09.00
Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
19.30 - 21.00
Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45
Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

DØYPTE



BRYNE KYRKJE

Angelica Dahl-Pedersen, Birgitte Eltvik Braut, Tobias Vold Stangeland, Lars Martin Grødeland, Ane Louise Malmin Herigstad, Kristian Oma Rugland, Kaisa Moene, Ådne Løge, Ida Jokobsen-Brekken

LYE FORSMALINGSHUS

Ida Liamø Hisken

UNDHEIM KAPELL

Milian Lode, Emilie Dyngeland
Vetle Selbak

TIME KYRKJE

Sindre Steinsland, Tilde Johansen,
Kamilla Laland Martin, Ida Celine
Tveit Vikeså, Bruno Lodding,
Truls Bjelland Haugland, Jon Eikeland,
Vanessa Hansen Tjelta, Amalie Barsnes,
Anne Beth Øverland, Noah
Kindervåg Risa, Eli Haugland,
Sindre Øie, Ronja Høyland,
Hauzhin Samiei

VIGDE



May Madland og
Tom Erik Vold



DØDE

Thorleif Eftestøl, Aud Bore,
Hjørdis Aardal, Arnold Holter Pettersen,
Tordis Solbjørg, Ditlef Magnus Utsola,
Ragnvald Norheim, Arna Haga, Arthur
Arnold Sola, Eilev Aas, Ingrid Hogne-
stad, Sigmund Haugland, Morten
Haaland, Henrik Blitzner, Oddbjørg Love

Velkommen til
gudsteneste

| | | |
|--------------------|-----------------------|---|
| 5. april | Palmesundag | Joh 12, 1 – 3 |
| Bryne kyrkje | kl. 11.00 | Gudsteneste. Dåp. Ungkyrkja deltek |
| Time kyrkje | kl. 11.00 | Gudsteneste. Dåp |
| Lye forsamlingshus | kl. 10.30 | Gudsteneste. |
| Undheim kapell | kl. 10.30 | Familiegudsteneste. Dåp. Dåpsskulen deltek |
| 9. april | Skjærtorsdag | Matt 25, 17 - 29 |
| Bryne kyrkje | kl. 19.00 | Gudsteneste. Nattverd |
| Undheim kapell | kl. 19.00 | Gudsteneste. Nattverd |
| 10. april | Langfredag | Matt 26,30 – 27,50 |
| Time kyrkje | kl. 11.00 | Gudsteneste. Krossvegsbøn |
| 11. april | Påskennatt | Mark 16, 1 - 8 |
| Time kyrkje | kl. 23.00 | Påskennattsgudsteneste |
| 12. april | Påskedag | Matt 28, 1 - 8 |
| Bryne kyrkje | kl. 11.00 | Høgtidsgudsteneste. Dåp |
| Time kyrkje | kl. 11.00 | Høgtidsgudsteneste. Dåp |
| Undheim kapell | kl. 10.30 | Familiegudsteneste. Dåp |
| 13. april | 2. Påskedag | Luk 24,13-35 |
| Stefanuskyrkja | kl. 11.00 | Gudsteneste med pilgrimsvandring til Kristkrossen på Njærheim |
| 19. april | 1. s. e. påske | Joh 20, 19 - 31 |
| Bryne kyrkje | kl. 11.00 | Gudsteneste. Dåp. Konfirmantane deltek. Jungelgjeng |
| Bryne kyrkje | kl. 18.00 | Sundagstreff. Tilrettelagt for menneske med utviklingshemming |
| Lye forsamlingshus | kl. 10.30 | Familiegudsteneste. |
| Undheim kapell | kl. 18.30 | Gudsteneste. Konfirmantane deltek |



Velkommen til

gudsteneste

Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:

Sverre M. Lima
51 48 21 33

Jonas Frøyland
41 30 04 68

Garbriel Tengsareid
51 48 28 98

før kl. 10.00.

TIME KYRKJE:

Helga Garborg
51 48 71 61

Dorteia Haugland
51 48 70 04

før kl. 09.30.

| | | |
|----------------------------------|---------------------------|---|
| 26. april | 2. s. e. påske | Joh 10, 11 – 16 |
| Bryne kyrkje | kl. 19.00 | Kveldsgudsteneste. Nattverd. Tema: Bønnestillhet i kvardagen |
| Time kyrkje | kl. 10.30 | Konfirmasjonsgudsteneste |
| Time kyrkje | kl. 12.30 | Konfirmasjonsgudsteneste |
| Time vid. skule | kl. 11.00 | Familiegudsteneste. Utdeling av 4 års bok |
| Undheim kapell/ Idrettshallen | kl. 10.30 | Gudsteneste. Sundagsskule |
| 3. mai | 3. s. e. påske | Joh 16, 16 – 22 |
| Bryne kyrkje | kl. 10.30 | Konfirmasjonsgudsteneste |
| Bryne kyrkje | kl. 12.30 | Konfirmasjonsgudsteneste |
| Time kyrkje | kl. 11.00 | Gudsteneste. Dåp. Løvegjeng |
| 10. mai | 4. s. e. påske | Joh 16, 5 – 15 |
| Bryne kyrkje | kl. 11.00 | Familiegudsteneste. Dåp. Utdeling av 4 års bok Ungkyrkja deltek |
| Lye forsamlingshus | kl. 10.30 | Gudsteneste |
| Undheim kapell | kl. 10.30 | Konfirmasjonsgudsteneste |
| Frøyland og Orstad kyrkje | kl. 19.00 | Gudsteneste for prostiet. Avskjed med biskop Ernst Baasland |
| 17. mai | 5. s. e. påske | Jer. 29, 11 – 14 a |
| Bryne kyrkje | kl. 08.30 | Morgonbøn |
| Lye forsamlingshus | kl. 09.45 | Gudsteneste |
| Time kyrkje | kl. 10.00 | Familiegudsteneste. Vestly skule deltek |
| Undheim kapell | kl. 11.00 | Familiegudsteneste |
| 21. mai | Kr. himmelfartsdag | Luk 24, 46 – 53 |
| Bryne kyrkje | kl. 11.00 | Gudsteneste |
| 24. mai | 6. s. e. påske | Joh 15, 26 – 16,4a |
| Lye forsamlingshus | kl. 10.30 | Gudsteneste |
| Time kyrkje | kl. 19.00 | Gudsteneste. Nattverd. Innsetjing av Prost Kjell Børge Tjemsland |
| Time vgs | kl. 11.00 | Gudsteneste |
| Undheim kapell | kl. 10.30 | Kyrkjelydstur til Brekko |
| 31. mai | Pinsedag | Joh 14, 23 – 29 |
| Bryne kyrkje | kl. 11.00 | Høgtidsgudsteneste. Dåp. |
| Time kyrkje?? | kl. 11.00 | Høgtidsgudsteneste. Nattverd |
| 1. juni | 2. pinsedag | Joh 3, 16 – 21 |
| Undheim kapell | kl. 10.30 | Gudsteneste. Dåp |
| 7. juni | 1. s. e. pinse | Joh 3, 1 – 15 |
| Bryne kyrkje | kl. 11.00 | Gudsteneste. Dåp |
| Lye forsamlingshus | kl. 10.30 | Gudsteneste |
| Undheim kapell | kl. 10.30 | Gudsteneste. Nattverd |
| 14. juni | 2. s. e. pinse | Joh 3, 16 – 21 |
| Brekko sportskapell | kl. 11.00 | Kyrkjelydstur for Bryne |
| Tingvollen, Lye | kl. 11.00 | Friluftsgudsteneste. Kulturhistorie, vandring, Jærklang og Vibå spelemannslag |
| 21. juni | 3. s. e. pinse | Luk 14, 16 – 24 |
| Bryne kyrkje | kl. 19.00 | Gudsteneste. Nattverd |
| Lye forsamlingshus | kl. 10.30 | Gudsteneste |
| Undheim kapell | kl. 10.30 | Gudsteneste. Dåp |
| 28. juni | 4. s. e. pinse | Luk 15, 1 – 10 |
| Bryne kyrkje | kl. 11.00 | Gudsteneste. Dåp |